



FJALER KOMMUNE


-eit ope samfunn

Strategisk næringsplan 2023-2027

Fjaler kommune

Innhald

1. Om strategisk næringsplan
 - 1.1 Føremål
 - 1.2 Oppfølging og gjennomføring av strategisk næringsplan
2. Organisering av planarbeidet
 - 2.1 Arbeidsmåte, organisering og forankring
3. Utviklingstrekk i Fjaler
 - 3.1 Folketal og alderssamansetting
 - 3.2 Sysselsetting og verksemder
4. Mål og prioriterte satsingsområde
5. Satsingsområde og strategiar
 - 5.1 Attraktiv kommune
 - 5.2 Reiseliv og kulturnæring
 - 5.3 Kompetanse, rekruttering og verdiskaping
 - 5.4 Samarbeid og nettverk
 - 5.5 Lutelandet – grøn hub
6. Handlingsplan 2023



1. Om strategisk næringsplan

1.1 Føremål

Strategisk Næringsplan for Fjaler 2023-2027 skal vere retningsgjevande for næringsutviklingsarbeidet i Fjaler kommune. Planen skal gje ei tydeleg strategisk retning.

Ein kommune har ulike roller. Strategisk næringsplan er ei konkretisering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar og næringsaktør. Planen skal legge grunnlag for ei målretta og berekraftig utvikling som både direkte og indirekte bidreg til å auke folketalet og sysselsettinga i kommunen.

Kommunen er avhengige av eit godt samspel med innbyggjarane og næringslivet. Skal ein få auka vekst må offentleg og privat sektor jobbe saman. Som kommune må ein vere med å fjerne hindringar og søke samarbeid for å finne gode løysingar. I tillegg til lokale forhold som planen speglar vil det også være naturleg at den tek opp i seg satsingar frå regionale planar som Vestland fylke sin «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2021-2033» og «Grøn Region Vestland».

Plandokumentet inneheld ein strategisk del og ein tiltaksdel. Den strategiske delen omhandlar no-situasjonen, utviklingstrekk, mål og strategival.

Handlingsplanen inneheld prioriterte tiltak for utvikling som skal gjennomførast i perioden. Planen vil bli følgt opp med årleg prioritering av tiltak, ansvarsfordeling og budsjettbehandling. Den vil og bli evaluert og revidert årleg. Handlingsplanen kan justerast dersom nye behov oppstår. Denne planen erstattar tidlegare versjon av strategisk næringsplan for HAFS Utvikling for 2016-2020.



1. Om strategisk næringsplan

1.2 Oppfølging og gjennomføring av strategisk næringsplan

Kommunen er eigar av planen og den skal vere ein 4-årig kommunedelplan som eit arbeidsreiskap for politikarar og administrasjon. Planen skal brukast i vedtaksprosessar rundt nærings spørsmål. Kommunen vil søke samarbeid med ulike aktørar lokalt og regionalt for å sikre gjennomføring av planen. Dette inkluderer interesseorganisasjonen Fjaler Næringsutvikling, Lutelandet Utvikling, Vestland Fylkeskommune, regionale utviklingsselskap og næringslivet. Kommunen skal saman med samarbeidspartnarar arbeide kunnskapsretta for at kompetanse, nettverk og tilgang til kapital skal arbeide for at Fjaler er ein attraktiv bedriftskommune, bustadkommune og besøkskommune.

I den strategiske næringsplanen er attraktivitet vektlagt som ei målsetting. Det å legge til rette for attraktiv busetting, for bedrifter og for besøkande er viktige element. Klarer regionen å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale dimensjonane, vil regionen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Difor er det svært viktig at det er eit godt samarbeid med næringsapparata i dei andre kommunane i regionen.

• ATTRAKTIVITET SOM BUSTADKOMMUNE


Det skal bli meir attraktivt å busetje seg i Fjaler. Vekst i arbeidsplassar, variert næringsliv, gode samfunnstilbod, og attraktive bustadtomter er viktige element som skal resultere i auka tilflytting og folketalsvekst.

• ATTRAKTIVITET SOM ARBEIDSSTAD

Fjaler sine naturlege føremon som lokaliseringsstad for bedrifter, eksisterande og nye, skal utviklast og forbetrast. Tilrettelegging for klyngemiljø, nettverksbygging og gründerverksemd. Nye arbeidsplassar er viktig for å auke tilflyttinga og folketalet.

• ATTRAKTIVITET SOM BESØKSSTAD

Fjaler skal utvikle seg som besøksstad. Tiltak og arrangement som aukar tal besøkande og som gjer det meir attraktivt å bu i Fjaler skal vere i fokus. Ein strategi for utvikling av eit berekraftig reiseliv, handel og kultur/arrangement er ein føresetnad for vekst som besøksregion.




2. Organisering av planarbeidet

2.1 Organisering , arbeidsmåte og forankring

Arbeidet med planen har vore gjennomført som ein grundig prosess med stor vekt på involvering av næringslivet. Det er Fjaler Næringsutvikling som har gjennomført store deler av prosessen med hovudtyngda av arbeidet i perioden oktober 2020 til sommaren 2022. Fjaler kommune har teke ansvar for slutføring av den strategiske næringsplanen 2023- 2027 og handlingsplan 2023 fram mot sommaren 2023.

Prosesen har vore gjennomført med fysiske arbeidsmøte som gir ein god dynamikk og dialog i arbeidet med å lage ein ny næringsplan for Fjaler kommune. Korona situasjonen har gjort arbeidet krevjande og vanskeleg. Fjaler kommune og styret i Fjaler Næringsutvikling meiner at organiseringa, dialogen og kommunikasjonen representerer ei grundig analyse der alle partar har hatt moglegheit til å uttale seg. Arbeidet vidare har vore å analysere, drøfte og prioritere kva som er viktige satsingar i arbeidet framover for å skape ei positiv samfunnsutvikling.

Det har vore gjennomført innspelsmøter, idémyldring , drøfting av problemstillingar og innspel frå ulike aktørar. Det vart arrangert totalt 7 bransjevise møter med næringslivet og enkeltpersonar har kome med innspel via ulike kanalar. Oppsummering og analyse av innspela er gjort av Fjaler Næringsutvikling og presentert i felles møte med kulturlivet, næringslivet og kommunen. Innspel har bidrege til korreksjonar og ein har jobba ut utkast til plan som skal vedtakast i kommunestyret i Fjaler kommune i løpet av 2023.



Prioriterte
satsingsområde

3. Utviklingstrekk i Fjaler


3.1 Folketal og alderssamansetning

Fjaler kommune har opplevd ein vekst i folketalet på ca. 2% siste 10 år, 42 innbyggjarar frå 01.01.2013 til 01.01.2023. Perioden er prega av at det er netto innvandring som gir folketalsvekst, og at ein har negative fødselsoverskot og negativ innanlandsflytting som trekk ned. 2018 var eit år med stort negativt fødselsoverskot og negativ flytting. I perioden etter 2018 har ein hatt ein folketalsvekst på 5%, 131 personar og ein har hatt fødselsoverskot i 2 av desse åra.


Fjaler opplev som dei fleste distriktskommunar at befolkninga blir eldre og at ein får mindre påfyll av yngre. Fødselstala går noko ned og ein får færre i aldersgruppa 0-15. Ein vidare nedgang i denne gruppa vil legge press på oppvekstsektoren i kommunen og den vidaregåande skulen. Fjaler har ein spesiell situasjon i aldersgruppa 15-19 år som er stor som fylgje av talet folkeregistrerte elevar frå UWC på Haugland.

Aldersgruppa 20-39 er viktig for å sikre vekst i folketalet og rekruttering til næringslivet. Fjaler har hatt ein svak vekst i denne gruppa siste 10 åra som er positivt. Ein har fått eit større skilje i denne gruppa ved nedgang i tal kvinner, men vekst i tal menn siste åra.

Folketalutvikling Fjaler, 2012-2023 (01.01)




Aldersgruppe 20-39 fordelt på kjønn Fjaler



3. Utviklingstrekk i Fjaler


Vekst i arbeidsplassar i Fjaler:

- Positiv utvikling i arbeidsplassar (sysselsette personar etter arbeidsstad) i Fjaler siste 10 år, større nedgang 2019 til 2020 knytt til IT bransjen.
- Stabil utvikling i sysselsette med bustad i Fjaler, ein nedgang 2016-2018.
- Vekst i sysselsetting i privat sektor siste 10 år, spesielt bygg og anlegg og transport. Det er liten arbeidsledigheit i Fjaler.
- Fjaler var fram til 2017 ein bustadkommune med netto utpendling, dette har endra seg i åra etterpå og ein er meir i balanse.



Del av større bu og arbeidsmarknadsregion:


- Totalt 398 personar som pendlar ut av kommunen og 404 som pendlar inn til arbeidsplass i kommunen i 2022. Dette gjer at ca. 28% av arbeidsplassane blir dekkja av personar som pendlar til kommunen, og ca. 29% av dei som bur i kommunen og er sysselsett har arbeidsplass utanfor kommunen.
- Størst utpendling til Sunnfjord, Hyllestad og Askvoll
- Størst innpendling frå Askvoll, Sunnfjord og Hyllestad



3. Utviklingstrekk i Fjaler

Variert næringsstruktur:

- Totalt 1.365 sysselsette med arbeidsstad Fjaler ved utgangen av 2022.
- God variasjon i næringsstruktur, flest tilsette innan bygg og anlegg, private helsetenester, landbruk, handel og transport.
- Vekst i arbeidsplassar i privat sektor siste 10 år.




Basis:	
Landbruk/fiske	119
Industri	23
Teknisk/vitenskap	6
Tele og IKT	50
Besøk:	
Aktivitet	17
Handel	96
Overnatting	4
Servering	20
Regionale:	
Agentur og Engros	15
Bygg og anlegg	171
Utdanning private	65
Helsetenester private	119
Finans, eiendom, utleie	35
Forr. Tjenesteyting	28
Transport	79
Utleie av arbeidskraft	9

Stort rekrutteringsbehov framover:

- Ca. 26% av alle sysselsette i Fjaler er over 55 år, totalt 386 sysselsette pr 31.12.2022
- Dette gir eit stort rekrutteringsbehov i åra framover som gir både utfordringar og moglegheiter. Næringsliv i vekst har behov for nye tilsette og tilgang på folk er det største hinderet for vekst. Kommunen har og eit stort behov framover innanfor ulike sektorar.

Antall sysselsatte etter alder og bransje 2022



4. Mål og prioriterte satsingsområde



Overordna mål

Oppnå positiv folkevekst ved å bli ein attraktiv kommune for innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Vi skal bidra til å skape berekraftig vekst i næringslivet gjennom å utvikle dei fortrinn og ressursar vi har i Fjaler.

Satsingsområde

Attraktiv kommune

Reiseliv og kulturnæring

Kompetanse, utdanning og rekruttering

Samarbeid og nettverk

Lutelandet - Grøn Hub

Mål

Fjaler skal vere ein attraktiv kommune å drive næring, å bu i og å besøke

Reiselivet og kulturnæringa skal vere berekraftige vekstnæringar i Fjaler kommune, basert på opplevingar knytt til kultur og natur.

Styrke kompetanse i eksisterande næringsliv, sikre rekruttering av framtidig arbeidskraft gjennom å styrke den vidaregåande skulen og knyte næringslivet tettare opp mot utdanningsinstitusjonar

Styrke lokalt næringsliv og skape vekst i eksisterande bedrifter og nye bedrifter gjennom auka samarbeid lokalt og regionalt

Å etablere berekraftig industri som kan dra nytte av den gode infrastrukturen som er på Lutelandet

Strategiar

Bidra til:

- Styrke profilering og kjennskap til Fjaler som plass å bu, besøke og drive næring
- Legge til rette for areal og infrastruktur for bustadbygging og næringsaktivitet som støttar opp under vekst
- Styrke sentrumsutvikling gjennom områdeplan for Dale sentrum og dei ulike grendene, og styrke samhandling mellom aktørane i sentrum

Bidra til:

- Styrke vertskapsrolla og infrastrukturiltak
- Auka samarbeid og møteplassar mellom destinasjonsselskap, kulturaktørar, næringsliv og kommunen
- Styrke og følgje opp satsinga i PreForm for å realisere nye kulturtilbod og næringar
- Motivere og samle landbruket til å utvikle lokal mat og opplevingar som styrkar næringa

Bidra til:

- Styrke Dale vgs. Og UWC som attraktive skular i tett samarbeid med næringslivet
- Etablering av etter- og vidareutdanningsløp i samarbeid med skulemiljøa i Førde
- Knyte næringslivet tettare på høgskulemiljøa – oppgåver og prosjekt
- Fellestiltak for å styrke rekruttering til næringslivet og det offentlege

Bidra til:

- Styrke eksisterande og etablere nye møteplassar, arenaer og nettverk som er relevante for næringslivet
- Styrke samarbeidsprosjekt med nærings- og fagmiljø utanfor kommunen
- Styrke samarbeid mellom skule og næringsliv
- Skape møteplassar og auka samarbeid i landbruket for å dele kunnskap, erfaring og motivere yngre krefter inn i næringa

Bidra til:

- Utvikle Lutelandet som ein hub i Grøn Region Vestland
- Å styrke Lutelandet Utvikling som eit instrument for utvikling av industripark og industriklynge på Lutelandet
- Utløyse nødvendige infrastruktur tiltak på Lutelandet
- Skape samarbeid med andre hubar i Grøn Region Vestland
- Profilere Lutelandet og moglegheitene

5. Satsingsområde og strategiar

5.1 Attraktiv kommune

Status

Interessante arbeidsplassar kombinert med høg bustadattraktivitet er avgjerande for ein region si utvikling. Arbeidsplassveksten har vore god i mange år, men Fjaler har hatt for liten tilgang på byggeklare bustadtomter, noko som bremsar potensiell tilflytting. Det er avgjerande for Fjaler å betre attraktiviteten med eit godt og variert utval av byggeklare tomter for å ha ei positiv utvikling i framtida. Fjaler er del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion og tett på Førde som eit vekst senter som gir potensial for auka tilflytting og utpendling dersom ein legg til rette for dette.

Infrastruktur er også særdeles viktig for folk som bur her, besøkande, turistar og ikkje minst næringslivet. Utbetring av vegane, særleg FV57 og vegen mellom Flekke og Lutelandet, digital infrastruktur, kollektivtilbodet og posttenesta er prioriterte i framtida. Det same gjeld å kunne tilby attraktive næringsareal, både på land og nær sjø.

Dale er med skular, idrettshall og sentrumsfunksjonar viktig for attraktiviteten til kommunen. Skal vi lukkast i å få til vekst i heile kommunen er vi avhengig av å utvikle dei urbane kvalitetane i Dale med handel, kulturnæringar og klynger, samt ha fokus på miljø og atmosfære i sentrum. Slike kvalitetar er attraktive for tilflyttarar. Samtidig må vi utvikle grendene som attraktive buplassar med kort avstand til arbeidsplassar og tilbod i kommunesenteret.

Tilgang til fjord- og kystlandskapet og eit rikt utval av godt merka turstiar, samt eit breitt utval av idrettsaktivitetar er kvalitetar som er viktige for å auke attraktiviteten i kommunen. Attraktive bustadtomter og lokale infrastrukturtiltak som møteplassar, idrettsanlegg, vegar, gatelys mv. er viktige faktorar for å gjere tettstadane og bygdene meir attraktive for busetting

Mål:

Fjaler kommune skal vere ein attraktiv kommune å drive næring, å bu i og å besøke.

Strategiar:

a) Kommunikasjon og profilering:

- Bidra til å profilere og styrke kjennskapen til Fjaler som plass å besøke og bu
- Bidra til å profilere næringsliv og moglegheiter for nye etableringar

b) Areal og infrastruktur

- Legge til rette for bustadbygging i heile kommunen, og ta effekt av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion
- Legge til rette for og utvikle næringsareal som støttar opp under behov og moglegheiter for vekst i næringslivet
- Vidareutvikle infrastruktur (for eksempel veg, fiber, kollektivtilbod) som er viktig for at Fjaler er attraktiv for næringsliv, innbyggjarar og besøkande.
- Bidra til å sikre berekraftig utvikling av kulturlandskapet, naturen og matjorda.

c) Sentrumsutvikling

- Utvikle områdeplan for Dale sentrum som eit sterkt og berekraftig kommunesenter med gode fasilitetar.
- Bidra til å styrke samhandling i sentrum for å utvikle handel, tenester, kultur og fritidstilbod.
- Bidra til å utvikle attraktive grender i heile kommunen gjennom å engasjere inn innbyggjarar og næringsliv i prosessane.

5. Satsingsområde og strategiar

5.2 Reiseliv og kulturnæring

Status

Fjaler er ein del av Fjord Norge, den sterkaste reiselivsregionen i Norge. Trenden post covid-19 går mot enno større attraktivitet for reisemål som framstår som urørt, ekte og med god plass. Berekraftige besøksmål er i ferd med å bli eit krav. Slike reiselivstrendar tilseier at det er eit stort potensiale for å vidareutvikle reiselivet som ei større næring i Fjaler.

Fjaler har naturlege fortrinn som urørt fjord- og kystlandskap, kulturminne og aktive kulturaktørar som skaper spanande opplevingar, t.d. Jakob Sande Senteret, Lillingstonheimen, Bakkejekta, Lammetun Kystfort, aktørar som produserer og tilbyr lokalmat, Teaterfestivalen og kulturproduksjon gjennom PreForm AS. Fjaler har, til å vere ein så liten kommune, unik kompetanse og miljø innan kulturnæringa. Dette bør vidareutviklast slik at vi får fleire arbeidsplassar og besøkande til Fjaler.

Reiselivsnæringa er inne i ei tid med store endringar. For å ta ut potensialet må ein ha fokus på berekraft, digitalisering, kompetanseheving, god organisering, samarbeid og fokus på å skape synergjar mellom reiselivsbedriftene. Visit FjordKysten er i gang med eit strategiprojekt for å greie ut ein modell for samhandling med mål om å løfte FjordKysten og Sunnfjord si reiselivssatsing saman. Til beste for næringsliv og lokalsamfunn.

I dag er det fleire aktørar som ønskjer å satse målretta i reiselivet på dei kvalitetane vi har i Fjaler. Ikkje masseturisme, men heilårsturisme, high-end-marknaden, matkultur, aktivitetar og opplevingar. Utfordringa er å utvide sesongen, gje handlingsrom for reiselivsaktørar som ønskjer å satse og få på plass fleire aktørar som tilbyr varierte opplevingar til ulike målgrupper.

Reiselivet er også viktig for dei som bur i Fjaler. For attraktiviteten og stoltheita vår. Styrking av infrastruktur som kafear, restaurantar, overnattingsstadar og opplevingstilbod kjem både fastbuande og besøkande til gode. Ein god kommune å besøke er også ein god kommune å bu i.

Mål:

Reiselivet og kulturnæringa skal vere berekraftige vekstnæringar i Fjaler kommune, basert på opplevingar knytt til kultur og natur.

Strategiar:

- Styrke vertskapsrolle og infrastrukturtiltak (parkering, skilting, hamn, straum, osv.) som støttar opp rundt næringane.
- Bidra til koordinert samarbeid om utviklingsaktivitetar mellom destinasjonsselskap, kultur- og næringsliv og kommunen.
- Bidra til målretta satsing på marknadsføring av kommunen og få frem særpreg, bygge identitet.
- Bidra til å legge til rette for meir samarbeid og møteplassar i næringane og på tvers av næringar
- Støtte opp under aktørar som ønskjer å satse innan reiseliv- og kulturnæringa
- Styrke og følgje opp satsinga i PreForm for å realisere nye kulturtilbod og næringar.
- Bidra til å motivere og samle landbruket til å utvikle lokal mat og opplevingar som styrkar næringa

5. Satsingsområde og strategiar

5.3 Kompetanse, utdanning og rekruttering

Status

Kompetanse gjennom å utvikle eksisterande tilsette og det å få tak på kvalifisert arbeidskraft er ei av dei største utfordringane for næringslivet og offentleg sektor i dag. Krava til dei tilsette aukar gjennom den teknologiske utviklinga og auka fokus på berekraft, samtidig ser ein at det er stor pensjonsavgang i næringslivet framover.

Skal ein klare å møte desse utfordringane må næringslivet og skulane samarbeide om rekruttering, utdanning og kompetanseheving. Utdanningstilbodet må innrettast etter næringslivet og det offentlege sine behov. Dette gjeld både dei vidaregåande skulane og fag-/høgskulane, og det må tilbydast utdanningsløp som gjer at folk at kan stå i jobb medan dei tek utdanning.

Dale VGS har eit godt samarbeid med næringslivet som gir moglegheiter for utplassering og lærlingplassar, noko som er positivt med omsyn til rekruttering. Fjaler må styrke den vidaregåande skulen som ein viktig arena for fagutdanning til lærlingplassar i næringslivet, samtidig som ein knyter seg opp mot fagskule og høgskule miljøa i Førde. Gjennom dette må ein jobbe for å få eit etter og vidareutdanningstilbod som møter det lokale næringslivet sine behov.

Det er og viktig å klare å nå dei som tek høgare utdanning. Her er det viktig at ein klarer å knyte næringslivet tettare på fagmiljøa gjennom studentoppgåver og prosjekt som grunnlag for å rekruttere framtidig kompetanse. Her treng bedriftene støtte for å bli betre på dette samarbeidet og klare å ta i mot studentar.

Skal ein klare å rekruttere folk til Fjaler er ein avhengig av attraktive arbeidsplassar og at Fjaler er ein attraktiv stad å bu og leve. Her må næringslivet jobbe saman med offentleg sektor for å få fram kvalitetane til Fjaler, samtidig som ein viser at moglegheitene for å utvikle seg i jobbane gjennom påfyll av ny kompetanse. Det må tenkast nytt i forhold til korleis ein skal arbeide med rekruttering framover.

Mål:

Styrke kompetanse i eksisterande næringsliv og sikre rekruttering av framtidig arbeidskraft gjennom å styrke den vidaregåande skulen og knyte næringslivet tettare opp mot utdanningsinstitusjonar.

Strategiar:

- Bidra til å styrke Dale VGS og UWC som attraktive skular i tett samarbeid med næringslivet.
- Bidra til å etablere etter og vidareutdanningsløp for næringslivet og det offentlege i samarbeid med skulemiljøa i Førde.
- Bidra til å knyte næringslivet tettare på høgskulemiljøa gjennom studentoppgåver og prosjekt som ein måte å utvikle kompetanse og rekruttere.
- Bidra på fellestiltak for å styrke rekruttering til næringslivet og dei offentlege aktørane
- Bidra til tiltak blant ungdom for å fremje interesse for fagområde som er relevant for næringslivet og å auke kunnskapen om moglegheitene i Fjaler.

5. Satsingsområde og strategiar

5.4 Samarbeid og nettverk

Status

Fjaler har ein variert næringsstruktur og fleire sterke næringar. Å skape vekst og utvikling kan skje innanfor desse bransjane eller på tvers av bransjar. Smart spesialisering som strategi tilseier at ein må bygge ny næring på dei næringane ein er sterk på eller har fortrinn. Skal ein klare dette må ein skape samarbeidsarenaer og nettverksprosjekt som ser moglegheiter i mellomrommet.

Slike samarbeid og møteplassar er viktig for å rekruttere inn nye bedrifter, knoppskyting og kan utvikle nye næringar. Det er og viktig å søke samarbeidsprosjekt og nettverk med bedrifter, klynger og fagmiljø utanfor kommunen som kan gi ny kompetanse eller marknadsmoglegheiter.

Fjaler Næringsutvikling som ein medlemsorganisasjon for næringslivet er ein viktig møteplass for næringslivet og det kan utviklast nye samarbeidsarenaer og nettverk i samarbeid med næringslivet. Desse bør ha som mål å dele erfaringar og kompetanse, utvikle marknadsmoglegheiter, sjå samarbeid på leveransar, ta i bruk ny teknologi og korleis utnytte moglegheitene innan for berekraft.

I Fjaler har ein eit kompetent og kraftfullt IT miljø innan energi og helse. Desse bedriftene representerer indrefiletten av smart teknologi og har kundar både nasjonalt og internasjonalt. Ein har moglegheiter innan bygg og anlegg, utdanning, helse, reiseliv og landbruk.

Mål:

Styrke lokalt næringsliv og skape vekst i eksisterande bedrifter og nye bedrifter gjennom auka samarbeid lokalt og regionalt

Strategiar:

- Bidra til å etablere nye eller styrke eksisterande samarbeidsarenaer og nettverk som er relevante for bedriftene, vurdere satsingar innan:
 - IT, helse og energi
 - Reiseliv, kultur, lokalmat, landbruk og opplevingar
 - Bygg og anlegg
- Bidra til å skape relevante samarbeidsprosjekt med næringsmiljø utanfor kommunen som kan styrke lokale bedrifter.
- Bidra til å styrke samarbeid mellom skulemiljøa i kommune, Høgskule og Universitetsmiljø og næringslivet for å legge til rette for auka innovasjon, for å oppretthalde eksisterande arbeidsplassar, rekruttere og skape fleire arbeidsplassar.
- Bidra til å skape møteplassar og økt samarbeid innan landbruket for å dele kunnskap, erfaring og motivere yngre krefter inn i næringa.

5. Satsingsområde og strategiar

5.7 Lutelandet – grøn hub

Status

Lutelandet Utvikling er eigd 51% av Fjaler kommune og er eit instrument for å utvikle Lutelandet som ein industri-/næringspark. Dei arbeider for å få trekke til seg ny næring og utvikle arealet og infrastrukturen.

Lutelandet er valt ut som ein av 16 prioriterte hubar i Vestlandsporføljen til Vestland Fylkeskommune. Dette er basert på prosjektet Grøn Region Vestland som fylkeskommunen gjennomførte i 2021. Ein har her valt ut dei hubane ein ser størst potensial i for å utvikle nye grønne næringar og klare den grønne omstillinga. Vestland Fylkeskommune har sett ambisiøse mål for å redusere CO2 avtrykk og utvikle nye grønne næringar. Her har Lutelandet fått ein viktig posisjon og det er forventa at det vil bli lagt til rette for eigne verkemiddel for desse 16 hubane for å realisere prosjekta.

Alt ligg til rette for å kunne etablere ei framtidretta industriklynge på Lutelandet basert på stor tilgang på fornybar energi. På mange måtar er området unikt, med svært god infrastruktur, djupvasskai og rikeleg med plass. Mot slutten av 2022 har ein tilgang på i alt 150 GWH som er rein, fornybar energi. I tillegg har ein tilgang på store mengder straum frå nettet etter at 132KV-lina vart bygt.

Mål:

Å etablere berekraftig industri som kan dra nytte av den gode infrastrukturen som er på Lutelandet, og som gir arbeidsplassar og gode inntekter til kommunen.

Strategiar:

- Bidra til å utvikle Lutelandet som hub i Grøn Region Vestland saman med Fylkeskommunen, Lutelandet Utvikling og næringslivet.
- Bidra til å styrke Lutelandet Utvikling som eit instrument for utvikling av industripark og industriklynge på Lutelandet.
- Bidra til å utløyse nødvendige infrastruktur tiltak for å danne grunnlag for å realisere moglegheitene på Lutelandet.
- Bidra til å skape samarbeid med andre hubar i Grøn Region Vestland og dra erfaringar frå desse
- Bidra til å profilere Lutelandet og moglegheitene for næringsetableringar

5. Handlingsplan 2023 - utkast

Satsingsområde	Prosjekt/tiltak	Tid	Budsjett	Ansvar
Attraktiv kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Profilering og kommunikasjon av kvalitetar i Fjaler • Støtte opp rundt bygdeutviklingsprosjekt • Arealplan Fjaler kommune • Områdeplan for Dale sentrum • Bustadbygging – moglegheiter/behov 	2023		Fjaler kommune
Reiseliv og kulturnæring	<ul style="list-style-type: none"> • Medlemskap i destinasjonsselskap - Visit Fjordkysten og Sunnfjord AS • Støtte opp rundt lokalt reiselivsnettverk og fellesprosjekt • Prosjekt «Samvirket» • Støtte opp rundt bedrifts-/utviklingsprosjekt/arrangement • Skiltprosjekt langs fylkes- og kommunale vegar 	2023		Fjaler kommune/ Visit Fjordkysten og Sunnfjord
Kompetanse, utdanning og rekruttering	<ul style="list-style-type: none"> • Felles rekrutteringstiltak lokalt og regionalt (Sunnfjord) • Styrke Dale vidaregåande skule sin attraktivitet • Studentoppgåver i næringslivet • Studiesenter Kysten – etablere HUB i Dale • Berekraftsrapportering 	2023		Fjaler kommune/ Fjaler Næringsutvikling
Samarbeid og nettverk	<ul style="list-style-type: none"> • Avklare næringsssamarbeid og fellesprosjekt med Sunnfjord Utvikling og andre i regionen • Engasjere inn SIVA aktørane mot lokalt næringsliv • Støtte opp rundt Fjaler næringsutvikling og andre samarbeidsarenaer • Styrke Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter som kompetansearbeidsplass innan spesialiserte helsetenester 	2023		Fjaler kommune
Lutelandet – grøn hub	<ul style="list-style-type: none"> • Forprosjekt infrastruktur Lutelandet • Bidra til å utløyse infrastruktur tiltak • Organisering av grøn-hub Lutelandet og Lutelandet Utvikling si rolle • Bidra til å styrke samarbeidet med andre hubar i fylket 	2023		Fjaler kommune/ Lutelandet Utvikling